



Notat

Dato: 06.01.2015
Arkivsak: 2015/76-1
Saksbehandlar: torclin

Til:	Samferdselsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Oversendingsforslag - endringar i RTP handlingsprogram 2015 - 2017

Fylkestinget fatta den 10. desember 2014 fylgjande vedtak (PS 85/814):

Fylkestinget vedtek med dette Regional transportplan Hordaland sitt reviderte handlingsprogram for 2015 – 2017.

I ettertid har det synt seg at det er behov for å oppdatere handlingsprogrammet i høve til budsjettvedtak og mindre redaksjonelle endringar. Fylkesrådmannen ynskjer med dette å orientera samferdselsutvalet om fylgjande endringar:

- **Asfaltering / dekkelegging**

Fylgjande tekst er henta frå framlegg til handlingsprogram:

....Det er stor trong for midlar til dekkelegging. I 2014 er det sett av 49,8 mill.kr til legging av ca. 82 km ny asfalt. Dette svarer til ca 2,8 % av vegnettet. Løyvinga i 2013 var også på 49 mill.kr. Dersom dei årlege løyvingane er på dette nivået vil det i gjennomsnitt ta ca. 35 år mellom kvar gong det vert lagt asfalt.

Behovet for årlege midlar til ny asfalt på fylkesvegane i Hordaland er ca 90 mill.kr. Dersom løyvingane er lågare enn dette, vil forfallet på vegnettet auke.

Dette er endra til:

....*Det er stor trong for midlar til dekkelegging. I samband med fylkestinget si handsaming av 2015-budsjettet, vart det løyvd 100 mill. kr til asfalt i 2015. Dette vil gje kring 160 km med ny asfalt på fylkesvegane, om lag 5,5 % av vegnettet. Dette svarar til at det i gjennomsnitt vil ta kring 18 år til neste gong det vert lagt ny asfalt. Behovet for årlege midlar til ny asfalt på fylkesvegane i Hordaland er på 90 mill. kr. Dersom 2015-nivået på løyvingane vert oppretthalde, vil ein over tid kunna stoppa forfallet på vegnettet.*

- **Stord Vestside**

Fylgjande tekst er henta frå framlegg til handlingsprogram:

....Det er ikkje midlar nok til å fullføre meir enn Sagvåg bru og delar av strekninga Rimbareid – Vik. Difor har kommunane sendt ny søknad om å forlengje innkrevjingstida med ytterlegare to år. Fylkestinget vedtok å søke om dette i PS 29/2014. I søknaden er det inkludert eit tiltak i Sagvåg sentrum. Ved ei godkjenning av søknaden vil finansieringsramma auke til om lag 114,5 mill. kr.

Dette er endra til:

....*Det er ikkje midlar nok til å fullføre meir enn Sagvåg bru og delar av strekninga Rimbareid – Vik. Difor vart det søkt om å forlengje innkrevjingstida med ytterlegare to år. Stortinget vedtok 16.12.2014 å forlenga innkrevjinga med to år, til utgangen av 2016. Finansieringsramma er på om lag 114,5 mill. kr.*

- **Nordhordlandspakken**

Fylgjande tekst er henta frå framlegg til handlingsprogram:

....Utfallet av handsaming av bompengesøknaden kan gje endringar i prosjektlista. Kommunane handsamar hausten 2014 bompengesøknaden frå selskapet. Det er lagt til grunn at innkrevjinga kan starta opp i 2018. E39 Nyborgtunellen og Fv 57 Knarvik-Isdal er planlagt innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.

Dette er endra til:

....*Bompengesøknaden vart handsama i kommunane i Nordhordland hausten 2014 og i fylkestinget 10. desember 2014. Utfallet av handsaming av bompengesøknaden har synt ønske om einskilde endringar i prosjektlista og i bompengesystemet, noko som gjer at søknaden går attende til kommunane. Endeleg godkjenning av Nordhordlandspakken skjer i Stortinget. Det er lagt til grunn at innkrevjinga kan starte opp i 2018. E39 Nyborgtunellen og Fv 57 Knarvik-Isdal er planlagt innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.*

- **Nautnes bru**

Fylgjande tekst er henta frå framlegg til handlingsprogram:

Vegvesenet har utgreia moglegheitene for å lysregulere Nautnes bru. Øygarden kommune held på med ein reguleringsplan for ny veg mellom Sture og Nautnes. Ein ny veg vil gjere tiltaket på Nautnes bru unødvendig og difor ikkje aktuelt å prioritere.

Dette er endra til:

Vegvesenet har utgreia moglegheitene for å lysregulere Nautnes bru. Prosjektet inneber behov for vegutbetring og busslommer og har eit kostnadsoverslag på 6.1 mill. Kommunen er i ferd med å avklåra korvidt det er naudsynt å utarbeida reguleringsplan for å gjennomføra tiltaket.